



Bodil Gerd Oddekalv Larsen  
Bruvegen 82  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3979 - 17/4435

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
09.02.2017

## Løyve til oppføring av altan - gbnr 188/476 Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr: 059/17

**Tiltakshavar:** Bodil Gerd Oddekalv Larsen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av altan med bygd areal (BYA) ca. 8,3m<sup>2</sup>.  
Det vert elles vist til søknad motteken 29.12.2016 og supplert 04.01, 16.01, 18.01 og 20.01.2017.  
Etter tilbakemelding datert 20.01.2017 skal eksisterande bod ikkje endrast.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 17.01.2017 der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Kvitteing for nabovarsel.
2. Oppdatert situasjonsplan påført ytre mål på tiltaket, minsteavstand til grense og avstand til vegmidte offentleg veg.

Etter å ha motteken etterspurd dokumentasjon var søknaden klar for handsaming den 20.01.2017. og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i målsett situasjonsplan datert 20.01.2017.

Eigar av gbnr. 188/285, Rabben vel har underteikna naboerklæring om redusert avstand til nabogrense i samsvar med Pbl. §29-4.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0 meter. Eigar av gbnr. 188/475 og eigar av gbnr. 188/477 har i naboerklæring om redusert avstand til nabogrense samtykka til at tiltaket kan plasserast heilt inntil nabogrensa.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 23 meter.

### VEDTAK:



**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av altan på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 16.11.2016 og teikningar datert 17.11.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3979

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Byggverket må takast i bruk før ferdigattest ligg føre. Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

#### **Mottakar:**

Bodil Gerd Oddekalv Larsen

Bruvegen 82

5914

ISDALSTØ